

27. april 2011

## Stabil søking til høgare utdanning

**Samordna opptak (SO) har per april 2011 registrert omkring 108 600 søkjarar til høgare grunntdanning. Det er om lag 5 200 (+ 5,3%) fleire søkjarar enn i 2010.**

Aukinga vi ser i søkinga til høgare utdanning den siste femårsperioden kan i stor grad forklarast med større ungdomskull.

- Justert for større ungdomskull har søkinga til høgare utdanning vore stabil dei siste åra. Aukinga i søkjertala er stor sett eit resultat av ”yngrebølgja”, seier Bente Ringlund Bunæs, dagleg leiar i Samordna opptak.

Fordelinga mellom kjønn er også stabil. I 2010 var 59,1 % av søkjarane kvinner, i 2011 er det 59,4 % kvinnelege søkjarar.

(Du finn lenkjer til befolkningsutviklinga i Noreg frå 2000 – 2011 samt framskrivne tal nedanfor.)

### Utdanningsområder

Økonomi og administrasjon (+ 12,9) og informasjonsteknologi (+ 12,2 %) er utdanningsområder som har ei klar auke i antalet førstevalssøkjarar. Til idrett (+ 16,9 %) og samfunnsfag (+ 10,4 %) er det også auke i søkinga, men denne kan dels forklarast med nye studium innafør området.

Søkinga til lærarutdanningane viser ein framgang på 3,4 %. Størst er aukinga til dei 5-årige integrerte lærarutdanningane (+ 20,3 %). Grunnskulelærarutdanninga for 1.- 7. trinn gjeng fram med 2,9 %, mens for 5.- 10. trinn er aukinga på 2,3 %. Søkinga til førskulelærarutdanninga har ei lita nedgang (- 0,7 %).

Utdanningsområdet helsefag har ei auke på 4,0 %. Av helsefaga er sosionom (+ 14,1 %) og farmasi (+ 12,8 %) blant dei utdanningstypene med størst auke. Medisin har ei lita nedgang på 1,8 % mens søkinga til sjukepleiar aukar med 3,3 %.

### Fleire tal

Søkjertal og tal frå opptak frå tidlegare år fins på SOs statistiksider:  
[www.samordnaopptak.no/info/soekertall/](http://www.samordnaopptak.no/info/soekertall/)

Vidare plan for offentleggjering av søkjertal finnes i SOs informasjonsplan:  
[www.samordnaopptak.no/info/soekertall/informasjonsplan/](http://www.samordnaopptak.no/info/soekertall/informasjonsplan/)

Tal på utvikling av alderskull 2000 – 2011 (frå SSB):

<http://www.samordnaopptak.no/info/soekertall/soekertall-2011/befolkning-alder-kjoenn.ods>

Tal på utvikling av alderskull framskriving 2012 – 2019 (frå SSB):

<http://www.samordnaopptak.no/info/soekertall/soekertall-2011/befolkning-fremskrevet.ods>

*Nærare opplysningar om søking til høgare utdanning får du ved lærestadene  
se [http://www.samordnaopptak.no/info/kontakt/kontakt\\_laerested/index.html](http://www.samordnaopptak.no/info/kontakt/kontakt_laerested/index.html)  
eller*

*Samordna opptak (tlf. 22 84 18 25, 22 84 18 04 eller [www.samordnaopptak.no](http://www.samordnaopptak.no))*